

Saksprotokoll

Arbeids- og sosialdepartementet
Vedlegg 2
S.nr. 200508121 81

Formannskapet

09.11.2005

Sak: 0084/05

Tittel: FRAMLEGG TIL NY LOV OM ARBEIDS OG
VELFERDSFORVALTNINGA OG TILPASSINGAR I VISSE ANDRE
LOVER - HØYRINGSUTTALE

Arkivsak: 05/02467

Behandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Ei ny arbeids- og velferdsforvaltning er ei viktig reform i oppfølgjinga av prinsippa som ligg til grunn for arbeidslinja. Før den nye fellestaten er etablert må ein del viktige problemstillingar avklarast.

Staten og KS må bli samde om ein rammeavtale som sikrar at kommunane ikkje blir økonomisk skadelidande som følgje av reforma. Ein ev. samfunnsøkonomisk gevinst som følgje av reforma må også få direkte følgjer for kommunane.

Det hastar med å få på plass avtalar om ansvar for budsjett, rekneskapsføring, revisjon og fordeling av driftsutgifter.

Graden av kommunal deltaking må ikkje vere avgjerande for plasseringa av det administrative leiaransvaret.

Det er viktig at det vert mogleg å finne gode lokale løysingar, men samstundes må det ligge sentrale føringar til grunn for organisasjonsmessige løysingar som forenklar rapporteringssystem og muleggjer systematiske samanlikningar mellom ulike kontor.

Kommunane må få høve til å legge tenester til arbeids- og velferdskontoret som ikkje medfører ei uheldig fragmentering av sosialtenesta, noko som er spesielt viktig for små kommunar med få tilsette i sosial- og barneverntenesta. Dersom det er lov eller forskriftsmessige hindringar i vegen for å legge barnevernet til arbeids- og velferdskontoret, må staten dekke kommunane sine meirutgifter til m.a. kontortilpassing for å gjere det mogleg for det same kommunale personellet å utføre oppgåver etter Lov om barneverntenester i rimeleg nærleik av arbeids- og velferdskontoret.